



## Statens vegvesen

### Notat

Til: Terje Samuelsen  
Frå: Vegteknisk v/Jan Helge Aalbu  
Kopi:

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Jan Helge Aalbu - 45033684  
Vår dato: 18.11.2013  
Vår referanse:

### Fv 724, Skred i Oldedalen, 36040 - 460

Her er eit kjapt notat frå skred som skjedde fredag 15.11.13. Området blei synfart av Jan Helge Aalbu og Ingrid Hynne laurdag 16.11.13.

I Oldedalen var det gått 3 skred. Det lengst vest ved skredtunnelen har byrja som eit vått snøskred som har teke med seg meir og meir massar nedover og blitt til eit flomskred. Det har delt seg i to før det traff vegen. Bekkane i skredet rant fritt når me synfarte skredet. Entreprenør hadde allereie byrja å rydde skredet. Vår vurdering var at dette arbeide kunne halde fram.

Det store jordskredet hadde byrja om lag 500 m o.h. Det byrja som ei lita utgliding av vassmetta massar. Resten av fjellsida var da og truleg heilt vassmetta og den lille ekstra belastninga var nok til at det blei eit stort jordskred. Det låg ein del massar igjen oppover i fjellsida som me vurderte til å ligge ustabilt med så mykje vatn som drenerte nedover. Vår vurdering var at massane burde ligge minst eit døgn for å drenere ut og stabilisere seg før det var forsvarleg å starte rydding. Her kan det bli problem med småskred og større fare for snøskred iløpet av vinteren. Det må sjåast nærmare på om det er muleg å gjere tiltak for å sikre vegen. Er det plass til å legge opp ein voll?

Lengst aust hadde det gått enda eit jordskred. Dette byrja smått og har delt seg i to litt lengre nede. Det var komme ned store steinblokker. På bildene i ettertid ser det ut til å ligge ein del steinblokker ustabilt i det austre av skredløpa som bør vurderast nærmere.

Fleire bilder ligg her:

P:\GEO\GEOLOGI\Jan helge\Skredhendingar 16.11.13\Bilder

Evt

[https://www.dropbox.com/sh/4ald363j2kx9rwu/2V8S9Km\\_fn](https://www.dropbox.com/sh/4ald363j2kx9rwu/2V8S9Km_fn)



**Figur 1:** Ustabile blokker i austre skredløp av det minste jordskredet.



**Figur 2:** Område for ustabile blokker i det minste jordskredet.



**Figur 3:** Nedre del av det store jordskredet. Mulig å legge opp voll for å sikre mot mindre utglidinger frå fjellsida?



**Figur 4:** Oversikt over skredet